

---

**Fra:** Kaare-Andreas Krog <kak@imdi.no>  
**Sendt:** 2. februar 2016 10:47  
**Til:** Postmottak Meland; Tove Hagenes; Cathrine Gangstø  
**Emne:** VS: Brev til kommunene som heretter skal sendes via sikker digital postkasse

Til **Meland** kommune

**Brev om busetting av flyktningar (utsøkingsbrev) frå IMDi til kommunen vil frå no av bli sendt til kommunen si digitale postkasse.**

Vi viser til rundskriv frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om digitalisering (digitaliseringsrundskrivet) der det går fram at alle offentlege etatar i løpet av første kvartal 2016 skal gå over til å sende ut post til mottakarane si digitale postkasse. IMDi Vest innfører denne rutinen frå og med 1. februar, i fyrste omgang for alle brev som gjeld utsøking av flyktningar til kommunane. Brev vil bli sendt frå sikker digital postkasse (SDP), altså via Direktoratet for forvaltning og IKT ([www.difi.no](http://www.difi.no)). Endringa betyr at dei nemnde breva heretter ikkje vil bli sendt per vanlig post.

Vi legg til grunn at kommunen har rutinar som sikrar at breva kjem fram til rette instans i kommunen. Vi ber om at kommunen tar kontakt dersom den nye rutinen skapar problem.

Lenke til digitaliseringsrundskrivet:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/digitaliseringsrundskrivet/id2462793/>

Med hilsen

Morten Stephansen  
Seksjonssjef – IMDi vest  
Telefon: 926 85 174  
E-post: [mst@imdi.no](mailto:mst@imdi.no)